



MEDLEMSSKRIV JUNI 2020.

Årsmøte 2019:

Årsmøtet for 2019 vart halde 25. mai 2020. Det møtte 4 medlemmer. Styret for 2020: Leiar Noralf Herikstad. Styremedl.: Anne Pearl Gravdal, Robert Eikeland Undheim, Viljen Nedrebø og Ernst Herredsvela. Vararepr.: Arild Søyland og Ramona J. Hetland. Årsmøtet gjorde vedtak om å fortsetje arbeidet med fusjon mellom Bjerkreim Avløysarlag og Gjesdal Avløysarlag.

Avløysarkurs:

Det vanlege avløysarkurset som normalt vert arrangert på hausten for 9.kl, vil dette året bli flytta til vinter/vår 2021.

Redusert arbeidsgjevaravgift 3. termin 2020:

Stortinget har 12. mai vedteke ein reduksjon i arbeidsgjevaravgifta for mai og juni med 4 prosentpoeng. Dette vil kome deg som medlem til gode. Reint praktisk vil me gjere det slik at det vert fakturert med ordinær sats for mai og juni. Når reduksjonen vert utbetalt frå Staten (me veit ikkje enno korleis), vil de som medlemmer bli godskrivne dette ut frå kva de har hatt av utlønning desse 2 mnd.

Merk at det er lønn som vert utbetalt i juni som får redusert sats. Ta gjerne kontakt om det er spørsmål omkring dette.

Verneombud:

Alf Helge Søyland, mob. 971 50 629

Landbruksvikar:

Avløysarlaget har 2 fast tilsette landbruksvikarar som gjer ein kjempejobb for bøndene i Bjerkreim Kommune. For bestilling: Mob. 94 08 75 01. .

Webtemp:

Avløysarlaget har frå 01.01.20. hatt tilbod om elektronisk innlevering av timelister for avløysarar og elektronisk godkjenning av timelister for medlemmane.

Ta kontakt om du er interessert i dette for deg og avløysaren din.

Heimeside:

Avløysarlaget har no fått eiga heimeside. www.bjerkreim-avloysarlag.no

Det vert og lagt ut informasjon på facebook.

Opningstider på kontoret i sommar:

Kontoret er sommerstengt i vekene 29 - 30 - 31 (13. juli – 31. juli). Kan i denne perioden treffast på mob. 94 08 75 01 hvis det er noko som hastar.

GOD SOMMAR!